

Det Kongelege Justis- og Politidepartement
Lovavdelinga
Pb. 8005 Dep
0030 OSLO

JUSTISDEPARTEMENTET	
16 DES 2009	
SAKSNR.:	200906861
AVD/KONT/BEH:	LOV/EPI/KSI
DOK.NR. 15	ARKIVKODE:

Dykkar ref.

Vår ref.

Sak nr: 09/3079-2

Sakshandsamar: Tonje Hovde Skjelbostad

Dir.tlf: 45 49 00 37

Dato:

14.12.2009

Endringar i inkassoforskrifta og inkassolova som følgje av implementering av Tenestedirektivet og Yrkeskvalifikasjonsdirektivet

Eg viser til høyringsbrev av 05.11.09 angående det ovanfor nemnde.

Forbrukarombudet fører som kjend tilsyn med at dei næringsdrivandes marknadsføring, avtalevilkår og handelspraksis i forbrukarhøve er i samsvar med marknadsføringslova. Meir informasjon om Forbrukarombudet finn de på:
www.forbrukerombudet.no.

Eg ønskjer å knytte nokre kommentarar til punkt 3.3. i høyringsbrevet som vurderar om det opp mot yrkeskvalifikasjonsdirektivet bør vere forslag om at inkassator som driv mellombels inkassoverksemd i Norge sluttar seg til avtala om inkassoklagenemnda.

Utgangspunktet er at selskap som er lovleg etablerte i anna EØS-land skal kunne drive mellombels inkassoverksemd i Norge utan inkassoløyve og føretaksregistrering. Direktivet artikkel 6 forbyr vidare Norge som vertsnasjon å krevje at inkassator som er lovleg etablert i anna EØS-stat skal bli godkjent av, medlem av eller registrert i ein yrkesorganisasjon eller eit yrkesorgan i Norge.

Departementet nemner at det er usikkert om nemndshandsaming av saker i inkassoklagenemnda (etter inkassolova § 22) fell inn under formuleringa i artikkel 6 a første punktum om "medlemskap i en yrkesorganisasjon eller yrkesorgan", eller om ein under føresetnad av at artikkel 6 gjeld, kan nytte unntaksregelen om mellombels automatisk registrering i føresegnas andre punktum. Fordi det er usikkert om ein kan stille eit slikt krav etter direktivet, og fordi Departementet går ut frå at det neppe vil vere mange som vil drive mellombels inkassoverksemd i Norge, har det ikkje blitt foreslått ein regel om dette i framlegg til endringsforskrift.

Forbrukarombodet mottok i si tilsynsverksemd mange klager frå forbrukarar som reagerar på at inkasso er sett i verk sjølv om det er sett fram rettkomne motsegner mot kravet. Dette gjeld mellom anna inkassokrav frå mellom anna timeshare-selskap, ferieklubbar, underhaldningsarrangement bestilt over internett, abonnement på helsekost med vidare. Mitt inntrykk er at slike krav blir forfølgd av ulike useriøse bedrifter som nyttar forskjellige inkassoselskap, også inkassoselskap som ikkje er norske. Særleg når det gjeld timeshare har vi døme på at inkasso har blir drive inn av engelske firma. Eg mottok òg ein del generelle henvendelsar som går på inndrivingsmetodar i strid med god inkassoskikk, og forbrukarane opplever dette som svært ubehageleg.

Departementet nemner at det neppe vil vere mange som vil drive mellombels inkassooverksemd i Norge. Når det er sagt, så seier ein likevel med dette at ein ikkje kan utelukke at enkelte selskap vil drive slik verksemd i Norge.

Når enkelte selskap truleg vil drive slik verksemd kan ein heller ikkje sjå vekk ifrå at ein får tilfelle der inkassoselskap til dømes driv inn krav som det sett fram rettkomne motsegner mot, eller tilfelle der slike selskap handlar i strid med god inkassoskikk.

Eg er einig med Departementet i at det er gode grunnar til å krevje at inkassatorar frå andre EØS-statar tek del i ordninga med nemndhandsaming av inkassotvistar når dei driv inkassooverksemd mellombels i Norge. Særleg i dei ovanfor nemnde tilfella meiner eg at det er viktig at forbrukarane har høve til ei rask og kostnadsfri prøving av si sak i inkassoklagenemnda. At slike føretak tilsluttast avtala om inkassoklagenemnda gjer det òg enklare å føre kontroll med desse inkassoselskapa, då inkassoklagenemnda rapporterar løpande om nemndas verksemd til Kredittilsynet.

Ordlyden i direktivet artikkel 6 a andre punktum opnar for automatisk mellombels registrering eller proformaregistrering av medlemskap i yrkesorganisasjon eller yrkesorgan for å lette bruk av gjeldande disiplinærreglar. Dette under føresetnad av at ei slik registrering eller medlemskap ikkje på nokon måte forseinkar eller kompliserar ytinga av tenester og heller ikkje medfører tilleggskostnadar for tenesteytaren.

Disiplinærreglar må nettopp omfatte reglar om god inkassoskikk og andre reglar som tek sikte på å motverke kritikkverdige forhold ved ein inkassators verksemd. Når inkassoklagenemnda handsamar mellom anna saker som gjeld god inkassoskikk, dvs. sjølve handlemåten til inkassoselskapet, vil inkassoklagenemnda etter mi vurdering lette bruken av gjeldande disiplinærreglar for inkassooverksemd.

Eg kan ikkje sjå at ei automatisk registrering av verksemdar frå andre EØS-statar som driv mellombels inkassooverksemd i Norge vil forseinke eller komplisere ytingar selskapa tilbyr, dersom ei registrering skjer automatisk, dvs. utan aktiv tilslutning frå selskapet sjølv, når inkassatoren oppfyller dei øvrige krav etter direktivet.

Då inkassoselskap som er tilslutta Norske Inkassobyrå si Foreining, og eventuelle andre inkassoselskap som har slutta seg til avtalen, dekkjer utgiftene til den daglege drift av sekretariatet vil medlemskap i inkassoklagenemnda medføre tilleggskostnadar for dei aktuelle inkassoselskapa. Eg ser at dette kan reise problemstillingar etter direktivet og det må difor gjerast ei nærare utgreiing av dette spørsmålet.

Då det vil kunne medføre negative konsekvensar for forbrukarane om ikkje inkassatorar frå andre EØS-land sluttar seg til avtale om inkassoklagenemnda, vil eg

oppmode Departementet om å foreta ei nærare vurdering av kor vidt ein kan oppstille ei ordning med automatisk mellombels registrering eller proforma medlemskap i Inkassoklagenemnda.

Med vennleg helsing

A handwritten signature in blue ink, consisting of several loops and flourishes, positioned over the typed name and title.

Bjørn Erik Thon
forbrukarombod